

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 14.03.2014
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Strategiske midlar til investeringsprosjekt i private ideelle institusjonar med avtale med Helse Vest RHF innanfor somatisk og psykisk helsevern**

Arkivsak
2013/452
Styresak 046/14

Styremøte 02.04. 2014

Forslag til vedtak

1. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å fordele strategiske midlar for 2014 i tråd med saksførelegget.
2. Restbeløp for 2014 blir sett av til handtering av eventuelle uføresette og mindre prosjekt.

Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF har sett av midlar til strategiske/større investeringsprosjekt i private institusjonar innan somatikk og psykiatri med avtale med Helse Vest RHF. Midlane er for ein periode på minimum 10 år fordelt til dei store utbyggingsprosjekta ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus. Desse midlane kjem ikkje til utbetaling før desse prosjekta er fullført. I mellomtida kan midlane nyttast som eingongstilskot til andre institusjonar/prosjekt.

Det blir gitt tilråding om å gi tilskot til Haraldsplass Diakonale Sykehus og Jæren DPS med til saman 16,4 mill. kroner for 2014.

Fakta

Styret i Helse Vest behandla i møte 7. mai 2008 sak 042/08 Utbyggingsprosjekt i private ideelle institusjonar som har avtale med Helse Vest RHF. I saka blei det gjort vedtak om årleg å sette av eit beløp i storleik 21 millionar kroner som eit strategisk element til delfinansiering av investeringsprosjekt i private ideelle institusjonar som Helse Vest RHF har avtale med innan somatikk og psykisk helsevern. Midlane skal nyttast til delfinansiering av prosjekt som blir vurdert som særskilt viktige ut frå Helse Vest sitt «sørgje for»-ansvar, og som elles ikkje kan realiserast.

Saka blei følgd opp med eit brev frå Helse Vest RHF i juni 2008 til dei aktuelle private ideelle institusjonane. I brevet blei det gjort nærare greie for bruken av dei strategiske midlane, kriteria for val av prosjekt og prosess knytt til fordelinga av midlane.

Helse Vest mottok søknadar frå seks institusjonar med ein samla total utbyggingskostnad på ca. 882 mill. kroner. Ved behandlinga av dei innmeldte prosjekta blei det konkludert med at alle institusjonane hadde søkt om støtte til utbyggingsprosjekt som blei vurdert som sentrale i ivaretakinga av "sørgje for"-ansvaret, og som blei vurdert som viktige for dei tenester kvar einskild av institusjonane skal levere etter avtale med Helse Vest RHF. Det blei konkludert med at ingen av prosjekta skulle bli avvist med den grunngeving at dei fell utanfor "sørgje for"-ansvaret, ikkje er knytt til dei tenestene som skal leverast eller fordi prosjekta er fagleg sett uviktige.

I styremøte 12. desember 2008 (sak 127/08) fordelte styret midlane for 2008 og 2009. Saka byggjer på eit prinsipp der dei mindre prosjekta blei søkt løyst innanfor dei midlane som er tilgjengelege dei første åra (eingongstilskot), for så å leggje eit meir langsiktig løp for dei større prosjekta. Ytterlegare tildeling fann stad ved behandling av styresak 076/10 i styremøte 22. juni 2010.

Som eit sjølvstendig grunnlag for å prioritere dei minste prosjekta først blei det mellom anna peika på at det for dei større prosjekta var behov for å gjere ei nærare vurdering av dimensjoneringsgrunnlaget for prosjekta. Dette gjorde seg gjeldande for prosjekt innmeldt frå Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS) og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus (HSR). For den vidare planlegging av desse prosjekta la styret i sak 076/10 til grunn at desse prosjekta ville kunne pårekne tilskot etter ein fordeling på ca. 25% til HSR og 75% til HDS. Det vil tilsvare ein årleg fordeling på 5,25 mill. kr til HSR og 15,75 mill. kr til HDS. Avtale i tråd med dette blei inngått med HSR i mars 2011. Utbetaling av årleg kapitaltilskot vil skje med 1/12 kvar månad gjeldande frå og med den månad bygget er ferdigstilt og teke i bruk. Det vil tidlegast skje frå og med januar 2015.

Det vil venteleg bli lagt fram ei eiga sak for styret i løpet av 2014 om endeleg tildeling til HDS.

I løpet av 2013 er det registrert nye ønskjer/behov i dei aktuelle institusjonane der det kunne vere aktuelt med tilskot/økonomisk støtte etter ordninga med strategiske midlar. Helse Vest bad derfor i brev av 5. juli 2013 om ein oppdatert oversikt over kva investeringsplanar som ligg føre hos alle institusjonane. Det kom inn svar frå fem av institusjonane. NKS Olaviken og Voss DPS ga ingen tilbakemelding.

Følgjande innmeldte behov er registert:

- Jæren DPS
 - Med bakgrunn i aukande befolkning og eit registrert vedlikeholdsetterslep er det søkt om 23,9 mill. kroner til bygningsmessige tiltak. Dette fordelar seg med 11,2 mill. kroner til innvendig ombygging/rehabilitering, 6,4 mill. kroner til utvendig vedlikehald og 6,3 mill. kroner til utviding/påbygg.
- Solli DPS
 - Pågåande byggjeprojekt som var planlagt med ei økonomisk ramme på 50 mill. kroner er etter anbudsprosess og krav om parkering frå kommunen blitt oppjustert til 72,5 mill. kroner. I tillegg er det behov for rehabilitering av administrasjonsbygg. Dette saman med ny varmesentral er berekna til 6,65 mill. kroner. Det er søkt om 20 mill. kroner av dei strategiske midlane frå Helse Vest.
- HDS
 - Eit nytt prosjekt er meldt inn; Ein sterkare integrasjon mellom Helse Vest IKT og HDS sine driftstenestar for IKT-området. Økonomiske konsekvensar vil bli vesentlege.
- HRS
 - Byggeprosjektet er sett i gang. HRS meiner at den tidlegare fordelinga med 25% til HRS og 75% til HDS bør revurderast ut frå investeringane sin storleik. Det blir elles opplyst at ein ser på den inngåtte avtalen som ein 10-års avtale med opsjon på ytterlegare 10 år, men gjer merksam på at nedbetalingstida er 30 år.
- Hospitalet Betanien
 - Har meldt tilbake at dei pt. ikkje har aktuelle prosjekt å melda inn.

Kommentarar

I styresak 076/10B har styret i Helse Vest bunde opp midlane i ein periode for minimum 10 år. Desse er fordelt til utbyggingsprosjekt ved HSR og HDS. Dei kjem likevel ikkje til utbetaling før prosjekta er fullførte. I mellomtida kan midlane nyttast som eingongstilskot til dei andre institusjonane. Tidligare har både Hospitalet Betanien, Jæren DPS og Bjørkeli nytt godt av dette. Det er ikkje forpliktingar som gjeld for 2014. Prisjustert utgjer dei avsette midlane no ca. 24 mill. kr. pr. år.

I utgangspunktet er institusjonane sjølv ansvarlege for å ivareta bygg og anna infrastruktur. Dette må skje innanfor ramma av det ordinære tilskotet frå Helse Vest (både til drift og kapital) og ved hjelp av eigne midlar. Eventuelle strategiske midlar er å sjå på som ei tilleggsfinansiering som kjem på toppen av dette.

Ut frå søknadane som no ligg føre vil det kunne vere aktuelt med tilskot til Jæren DPS, Solli DPS og HDS.

Solli DPS

Helse Vest har frå tidligare ein avtale som gjeld finansiering av nytt sengebygg ved Solli DPS. Solli har i tillegg starta eit utbyggingsprosjekt for å styrke dagbehandling og gruppebehandling, samt betre lokala for aktivitet og kursverksemd. I utbyggingsprosjektet inngår og opprusting av eksisterande bygg og lokale for ambulant verksemd. Det har tidligare vore avklara med Solli at dette må finansierast innanfor driftstilskotsramma og med midlar som blei overført frå Helse Bergen ved nedlegginga av Askviknes.

Administrerande direktør legg til grunn at nytt krav frå kommunen om bygging av kjellar for bilparkering, er ein kostnadsauke som institusjonen må bere risikoen for, og ein legg til grunn at dette ikkje endrar ovannemnde krav om korleis prosjektet skal finansierast. Det blir vidare lagt til grunn at institusjonen sjølve handterer andre nødvendig oppgraderingar av administrasjonsbygg med vidare.

Det blir på denne bakgrunn tilrådd at søknaden frå Solli DPS blir avslått

Jæren DPS

Ved Jæren DPS eig Helse Vest størstedelen av bygningsmassen. Det gjeld også nybygget til aktivitet, kurs og undervisningsføremål som blei finansiert av desse midlane tidligare. Det er elles lagt til grunn at Jæren DPS har ansvar for å ta vare på bygga gjennom driftsramma.

Det blir no søkt om midlar til utvendig og innvendig opprusting samt eit påbygg med nye behandlingsrom.

Det mest påtrengande er å gjere noko med fasadane på dei eldste bygga kor det blir meldt om lekkasje.

Det blir føreslått å gi eit tilskot på 6,4 mill. kr til dette føremålet basert på overslag over kostnader. Det blir elles forventa at institusjonen sjøve handterer innvendig oppgradering, og at eit eventuelt påbygg må vurderast som ei eiga sak kor drifta som heilskap må vurderast.

Haraldsplass diakonale sjukehus

HDS ser ein lang rekke fordeler ved å utvide samarbeidet med Helse Vest IKT (HVIKT) rundt drift og forvaltning av deira IKT-system . I langtidsbudsjettet til HVIKT er det forventa ein kostnadsvekst på 45 % dei neste åra. HDS har opplyst at denne kostnadsveksten i stor grad vil treffe dei gitt den fordelingsmodellen som er lagt til grunn i Helse Vest IKT.

Kostnader knytt til denne integreringa med Helse Vest IKT har Helse Vest IKT estimert til 2,75 mill. kroner i reine prosesskostnader. I tillegg reknar HDS med behov for interne kostnader samt innleige av konsulenthjelp til minimum 3 mill. kroner.

For å handtere den store pasienttilstrøminga på ein forsvarleg måte, og for å unngå korridorpatientar, er det gjort vedtak om å slå saman geriatrisk avdeling og slagavdelinga. Det vil da bli etablert ein buffer på 8 nye sengeplasser. Investeringskostnadene er stipulert til 4,5 mill. kroner.

I tråd med de som blei skissert i sak 030/14 pkt. 5 i styremøte 4. mars 2014 blir det tilrådd at HDS blir tildelt ein eingongsstøtte på 10 mill. kroner til integrering av IKT med Helse Vest IKT og støtte til ombygging av geriatrisk avdeling og slagavdelinga.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at det for 2014 blir gitt tilskot til Haraldsplass Diakonale Sykehus med kr. 10 mill. og til Jæren DPS med kr. 6,4 mill. kr.

Restbeløp for 2014 blir sett av til handtering av eventuelle uføresette og mindre prosjekt.